

## Tabell D-fk

### Indeks for berekna utgiftsbehov for fylkeskommunane 2025

Indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 13) blir berekna ved hjelp av kostnadsnøkkelen med tilhøyrande kriteriedata. Første steg er å berekne den einskilde fylkeskommune sin del av landssummen for kvart kriterium. Så blir den einskilde fylkeskommunen sin del av innbyggjartalet i landet berekna (det vil seie innbyggjartalet i fylkeskommunen dividert med innbyggjartalet i landet). Deretter blir indeks for kvart kriterium berekna etter følgjande formel:

$$\text{Indeks}_k = \frac{\text{Fylkeskommunen sin del av kriterium}}{\text{Fylkeskommunen sin del av innbyggjarane}}$$

Ein fylkeskommune som har ein indeks lik 1,0 for kriteriet innbyggjarar 1–18 år har like stor del av 1–18-åringar i landet som av totalt innbyggjartal i landet. Ein fylkeskommune med indeks lik 1,1 for det same kriteriet har 10 prosent høgare del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Ein fylkeskommune med indeks lik 0,9 for det same kriteriet har 10 prosent lågare del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Indeks for berekna utgiftsbehov blir berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksane for dei enkelte kriteria etter følgjande formel:

$$\text{Indeks berekna utgiftsbehov}_i = \sum_{k=1}^{18} V_k * I_{ki}$$

$V_k$  er kriterieverkt for kriterium  $k$ ,  $I_{ki}$  er indeks for kriterium  $k$  for fylkeskommune  $i$ . Den samla indeksen for berekna utgiftsbehov er då summen av indeksane for kvart kriterium der det einskilde kriterium er vekta med si vekt i kostnadsnøkkelen.

Vekta for kvart kriterium i kostnadsnøkkelen er vist i tabellen på neste side.

Innbyggjarar 1–18 år har ei vekt på 0,0263 i den samla kostnadsnøkkelen. Det betyr at 2,63 prosent av det berekna utgiftsbehovet til fylkeskommunane, på dei områda som blir dekte av utgiftsutjamninga, er knytt til talet på innbyggjarar 1–18 år.

Sjå innleiinga til Grønt hefte for ein meir utførleg omtale av korleis sektorvektene og vektene til kvart kriterium blir fastsette.

*Kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane 2025:*

Kriterium	Vekt
Innbyggjarar 1–18 år	0,0263
Innbyggjarar 16–18 år	0,3709
Innbyggjarar 19–24 år	0,0062
Innbyggjarar 67 år og over	0,0087
Innbyggjarar i alt	0,0081
Personar med utviklingshemming 18 år og over	0,0012
Søkjarar til utdanningsprogram med høg kostnad	0,0773
Søkjarar til lærepllass	0,0242
Reiseavstand for å nå 11 000 innbyggjarar	0,0769
Sysselsette etter bu- og arbeidsstad, skalert (ut over 37 prosent)	0,1508
Normerte ferjekostnader	0,0544
Vedlikehaldsbehov fylkesveg	0,1950
Sum	1,0000

Indeks for kvart kriterium er vist i kolonnane 1–12. Kriteria er definerte og kriterieverdiane viste i tabell E-fk.

**Kolonne 1 – Indeks for innbyggjarar 1–18 år**

**Kolonne 2 – Indeks for innbyggjarar 16–18 år**

**Kolonne 3 – Indeks for innbyggjarar 19–24 år**

**Kolonne 4 – Indeks for innbyggjarar 67 år og over**

**Kolonne 5 – Indeks for innbyggjarar i alt**

**Kolonne 6 – Indeks for personar med utviklingshemming 18 år og over**

**Kolonne 7 – Indeks for søkerar i høgkostnads utdanningsprogram**

**Kolonne 8 – Indeks for søkerar til lærepllass**

**Kolonne 9 – Indeks for reiseavstand for å nå 11 000 innbyggjarar**

**Kolonne 10 – Indeks for sysselsette bu- og etter arbeidsstad, skalert**

**Kolonne 11 – Indeks for normerte ferjekostnader**

**Kolonne 12 – Indeks for vedlikehaldsbehov fylkesveg**

**Kolonne 13 – Indeks for berekna utgiftsbehov**

Vekta gjennomsnitt av kolonnane 1–12. Kolonnen blir brukt i tabell A-fk, kolonne 1.

**Kolonne 14 – Befolkningsdel per 1.7.2024 (promille)**

**Kolonne 15 – Del av berekna utgiftsbehov (promille)**

Fylkeskommunen sin del av totalt berekna utgiftsbehov. Kolonnen blir rekna ut ved å multiplisere fylkeskommunen sin indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 13) med fylkeskommunen sin del av innbyggjarane (kolonne 14).